



**REFERAT Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda sjukehusområde**  
**møte nr. 3/2024 – Fredag 6. september 2024 – Rådhuset Larsnes Sande kommune**

Organisasjon	Navn og stilling	Funksjon	Møtt
Helse M&R	Siv Jensen Kvalitetsrådgivar Klinikk Volda sjukehus	Nestleiar	X
Helse M&R	Øyvind Nytn Klinikkisjef Klinikk Volda sjukehus	Representant	forfall
Helse M&R	Janne Håskjold Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab.	Representant	X
Helse M&R	Kari Standal Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus	Representant	x
Helse M&R	Solrun Brenk Rønning Seksjonsleiar DPS Ambulant team	Representant	Forfall
Hareid kommune	Ottar Røyset Kommunalsjef	Leiar	X
Herøy kommune	Gro-Anette Frøystad Voldsund Kommunalsjef	Representant	X
Sande kommune	Jørn Velle Moldskred Helse- og omsorgssjef	Representant	X
Ulstein kommune	Kristin Vik Kommunalsjef	Representant	X
Vanylven kommune	Cecilie L. Oppedal Kommuneoverlege Eli Tefre Nordal Kommunalsjef	Representant	X X
Volda kommune	Svein Berg-Rusten Kommunalsjef	Representant	forfall
Ørsta kommune	Audhild Mork Kommunalsjef	Representant	X
Fastlege/ Praksis-konsulentordninga	Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Samhandlingslege (HMR)	Representant	X
Fastlege/ Praksis-konsulentordninga vara	Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR)	Vara-representant	
Brukarrepresentant kommune	Eilin Reinaas Norges Handikapforbund (NHF)	Representant	X
Brukarrepresentant HMR	Janne Remøy Endresen SAFO/NFU	Representant	X
Brukarrepresentant kommune vara	Lisbet B Myklebust	Vara-representant	
Brukarrepresentant HMR vara	Lisbeth Søvik	Vara-representant	
Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre	Oddvar Marøy Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre	Sekretariat	X
Sekretariat HMR	Marita Øye Rådgjevar	Sekretariat	Forfall

<b>Utvalg</b>	<b>Lokalt samarbeidsutval Volda</b>
<b>Møtenummer</b>	3 / 2024
<b>Dato og stad</b>	06.09.2024 Sande rådhus / Larsnes
<b>Tidspunkt</b>	1000 – 1500
<b>Møteleiar</b>	Ottar Røyset
<b>Referent</b>	Oddvar Marøy

#### Saksliste:

<b>Saksnr.</b>	<b>Emne</b>	<b>Saksbehandlar/ ansvarlig</b>
	<p><b>- Velkomen til møte LSU Volda</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kort presentasjonsrunde</li> <li>- Godkjenning av innkallinga - godkjent</li> <li>Godkjenning referat møte - godkjent</li> <li>- Saker til eventuelt - ingen</li> </ul>	Ottar
	<p><b>Gjensidig informasjon Volda sjukehus og tverrgående klinikkar og kommunane i sjustjerna</b></p> <p>PPP Informasjon Volda sjukehus PPP Informasjon frå sjustjerner kommunane</p> <p>Til neste møte ynskjer ein å spisse informasjonen mot forhold som er retta mot samhandlingsperspektiva mellom kommunane og HMR. I tillegg er det ynskjeleg at samhandlingslege og brukarrepresentantane førebur informasjon frå sine områder.</p>	HMR Kommunane
	<p><b>Status etter sommaravviklinga</b></p> <p>Tiltak og erfaringar med gjennomføringa. Situasjonen ved Volda sjukehus etter innføring av HP har likevel gått bra. Tilgang på vikarar vart lågare enn tidlegare, men opplever at HP gir betre oversikt og kontroll. Kommunane : God fagdekning grunna ekstra rekrutteringiltak med løn og egne avtalar med alternativ bruk av fast tilsette. Bruk av trivselsmedarbeidarar (ungdomar) har vore ein suksess. Nye palliative pasientar inn mot sommaren vert spesielt utfortrande. Nokre kommunar slitt meir enn vanleg med mottak av utskrivingsklare pasientar. På fastlegesida merker ein reduksjon i drift i spes.h.tj, innan enkelte fagspesialitetar.</p>	Ottar
	<p><b>Status etter innføring av Helseplattformen</b></p> <p>Utfordringar og gevinstar i samhandlinga mellom sjukehus og kommunane. Sjå PPP – Volda sjukehus. Volda sjukehus har beste aktiviteten av sjukehusa i M&amp;R etter innføringa og nærmar seg normal drift. Endring av rutine for fakturering av utskrivingsklare pasientar som skal redusere uriktige krav til kommunane. Tilbakemelding frå brukarane er positiv. Ikkje negative tilbakemeldingar er meldt.</p>	Siv

	<p><b>Oppfølging SSU-sak</b>  <b>Meldekultur for bruk av avviksmeldingar</b>  Kva fungerer ? Kva kan/bør gjerast annleis ?</p> <p>Oppfølging av oppstart om samarbeid om felles gjennomgang av avviks- og forbetningsarbeid, jf LSU-møte i juni 2024.  Plan for oppfølging i andre kommunar utover hausten.  Erfaringane frå Volda lagar modell for gjennomgang.  Plan om å gå gjennom samarbeidsavtalen og ha fokus på pasientflyt.</p>	<p>Ottar</p> <p>Siv</p>
	<p><b>Kvalitetsstandard ved tildeling av helse- og omsorgstenester – presentasjon frå arbeid i Hareid</b></p> <p>Fleire kommunar arbeider med tenestestandard innan helse og omsorg. Hareid fokuserer på pasienten sine behov og avklaring av forventning til kva pasient/brukar sjølv må ta ansvar for.  Krav til søkjar om å dokumentere og beskrive behov for hjelp, før søknad vert behandla.  Fokuserer på forventningar om at eldre skal planlegge og ta ansvar for m.a tilpassing av bustad. Utfordrande at det på Hareid er mangel på sentrumsnære bualternativ.  Kvalitetsstandarden er presentert på kommunen si heimeside.  Drøfting om behov for fagleg kvalitet ved forvaltning av tildeling, og bruk av tverrfaglege team ved tildeling. Begge tilnæringsmåtene har sine fordeler og ulemper.  Mangel på samarbeid mellom ulike fagområder internt kan skape motsetningar og uheldige allianser mellom brukar og enkelte faginstansar.  Sett frå brukerperspektiv kan det opplevast å vere motsetningar at ein forventar at fleire skal bu lenger heime med hjelpetiltak, samstundes som det vert fokusert på tidleg innsats.  Ein brei debatt rundt avklaring av forventningane til kva det offentlege skal ta ansvar for vert ynskt velkomen.  Synleggjering av kva tenester kommunen kan tilby er nyttig med tanke på forventningar og avklaringar som brukarar og samarbeidspartar kan gjere seg kjend med.</p>	<p>Ottar</p>
	<p><b>Innsparingstiltak i HMR – plan og konsekvensar ?</b></p> <p>Informasjon om prosess.  Spørsmål frå kommunane som er bekymra for tilbodet ved Volda sjukehus og kva tilbud pasientane kan få eller oppgâver som vert skyvd over på kommunane.  Sjå PPP Volda sjukehus.  Førebels ingen konkrete planar om kutt i tenester, men sjukehuset drøfter innsparingstiltak m.a gjennom omstilling.  Vidare prosess og kartlegging av moglegheiter vert gjort utover hausten.</p>	<p>Siv</p>
	<p><b>Oppfølging SSU-sak</b></p> <p>Felles samhandlingsplan – oppsummering frå SSU-møte og gjennomgang av tiltak.  Plan for bruk av Rekrutterings og samhandlingstilskot.</p>	<p>Siv</p>

	<p>Orientering om arbeidet i SSU som inkluderer samarbeid med FSU'ane sine prioriterte tiltak som skal vere med i felles handlingsplanen.</p> <p>Bruk av rekrutterings- og samhandlingstilskot vert retta mot dei prioriterte gruppene og krev semje mellom partane.</p> <p>Dette skal arbeidast vidare med i komande SSU-møte.</p> <p>Sjå også PPP vedlegg «Samhandlingstilskudd»</p>	
	<p><b>Informasjon om revisjon av ny samarbeidsavtale</b></p> <p>PPP Helsefellesskap</p> <p>Forhandlingsutvalet skal fram mot SSU-møte 16.10.2024 utarbeide sitt framlegg til felles samarbeidsavtale. SSU sender avtalen til partane som avgjer om avtaleframlegget skal godkjennast. Utkast til saksframlegg til styret/kommunestyra er planlagt å få utarbeidd.</p> <p>Samarbeidsavtale vert gjort mellom HMR og kvart einskild kommunestyre i Møre og Romsdal. Det vert sett på som ein stor fordel at alle kommunane har same avtale med HMR. Planlagt frist for godkjenning av ny samarbeidsavtale er før 31.12.2024, men gjeldande avtale har verknad fram til ny avtale er vedtatt. Begge partar kan seie opp avtalen. Oppseiingsfristen er eitt år.</p>	Oddvar
	<p><b>Takk til Sande som vert for møtet</b></p>	